



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3366 - 19/373

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
07.01.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter Veglova- gbnr 137/66 Alver

Tiltak: Carport
Byggjestad: Kubbaleitet – gbnr 137/66
Ansvarleg søkjar: Sommero Panorama AS

Saka gjeld søknad om etablering av carport over totalt 14 parkeringsplasser – gbnr 137/66 Kubbaleitet

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Teknisk drift har motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense mot regulert kommunal veg for etablering av carport for inntil 14 parkeringsplasser i Kubbaleitet. I grensa mellom fortau og parkeringsplass vil det verte etablert ei større mur med maks høgde 5,76 meter. Lengde på mur er om lag 45 meter. Carport vil ikkje ta sikt i avkjørsle.

Vurdering/drøfting:

Reguleringsplan viser at området er avsett til parkering. Plassering av carport som vist i søknad vil ikkje ta sikt i avkjørsle. Høgdeforskjell mellom kommunal veg/fortau og carport kan føre til at det under vinterdrift av veg kan komme snø frå kommunevegen ned på carport. Da reguleringsplan viser at området er regulert til parkering, kan det være fordel med etablering av carport. Dette for å hindre at snø treffer kjøretøy direkte. Det er viktig at carport vert bygd slik at den vil tåle våt snø som kan komme frå kommunal veg.

Samandrag/konklusjon:

Med heimel i veglova Teknisk drift gjev dispensasjon frå byggegrense mot veg med heimel i Veglova § 29 på følgjande vilkår:

Vedtak:



Med heimel i Veglova § 29 gjev Teknisk drift dispensasjon frå byggegrense mot veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom carport og midt kommunal veg skal være minimum 5,6 meter og minste avstand mellom carport og nabogrense mot veg skal være minimum 0,2 meter.
- Som følgje av carporten sin plassering, i forhold til kommunal veg, fråseier Teknisk drift seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Dersom det oppstår skader på tiltaket under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar(ane) av carport må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Dette vedtaket gjeld berre plassering av tiltak i byggegrense mot veg. Før tiltak kan etablerast må det ligge føre bygjeløyve etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ